

Restaurering av turrute, Flatsteinsbu



Foto: Utmarksressurs AS

- rapport med tilråding for tiltak -

2020

Innhald

1 Bakgrunn.....	3
2 Metode.....	4
2.1 Ordforklaringar.....	4
2.2 Senke ytterkant/endre profil..	4
2.3 Stein-sti.....	5
2.4 Stikkrenner/vad.....	6
2.5 Sikring av blottlagt terreng.....	7
3 Skildring av tiltak.....	8
3.1 Generelt.....	8
3.2 Tilråding.....	9
4 Kjelder.....	14
5 Vedlegg.....	15

Bilde 1, framside: På turen mot Flatsteinbu går ein gjennom eit kulturlandskap som er halde i hevd, med vakker utsikt ned mot ei flott landbruksbygd.

1 Bakgrunn

Briksdalsbreen i Oldedalen er ein av dei største naturattraksjonane i Norge, og det mest besøkte turistmålet ved Jostedalbreen Nasjonalpark. Men Oldedalen har også andre og varierte turmål for fleire målgrupper. Eit av desse mindre besøkte turmåla er Flatsteinsfjellet.

Ruta opp til Flatsteinsfjellet og vidare over Jostedalbreen til Jostedalen er også ein av fleire historiske ruter i dalføret. I dag avgrensar ferdselen på breen via Flatsteinsfjellet seg til nokre få vårskiturar, og nokre grupper til/frå gjennom sommarhalvåret. Kort beskrive går ruta frå Oldedalen bratt opp på «innafor-setra» på Kvame, før det flatar litt ut innover Kvamsdalen. Den siste biten opp mot Flatsteinsfjellet er det lett klatring over sva, der det er lagt ut kjetting som gelender på dei mest eksponerte stadane. Inn Kvamsdalen er det umogleg å gjere eit trygt ruteval vinterstid. Indre del av Kvamsdalen er ein i ei terreng-felle, slik at denne turen må ein vente med til snøforholda om våren er heilt sikre.

Hytta på Flatsteinsfjellet, Flatsteinsbu, vart bygd av Oldedøler i 1969. Alt av bygningsmateriale vart bore opp til 1 260 moh. I 2005 vart hytta restaurert og utbygd. Flatsteinbu er på 19 m², i tillegg har ein sikringsbua som ligg rett ved. Her er ikkje senger på hyttene, berre ein liten hems og golvareal. Til saman er her plass til om lag 15-18 personar. Her er gassoppvarming og kokemoglegheiter. Hyttene er private men opne for alle som vil bruke dei, overnatting er mot ein mindre sum som skal vere med å dekke kostnad for forbruk av gass og andre små utgifter (Indre Nordfjord turlag).

Hytta ligg på eit lite platå mellom Kvamsdalen og Brenndalen. 10 minutt sørover ligg eit flott utsiktspunkt med fleire 100 meter rett ned mot Brenndalsbreen og Brenndalen.

Ein del personar har «innafor-setra» på Kvame, eller rundturen over brua like bak setra og tilbake via «utafor-setra» på Kvame som turmål. Men det årlege besøkstalet til Flatsteinsbu er lavt. På synfaringdagen 13. august 2020 var det ikkje mange personar oppført i hyttetabellen for 2020. Grunneigar i område estimerer grovt, ut frå besøkstal på parkeringsplass, at om lag 200 personar legg ut på turen til «innafor-setra» på Kvame (Jon Olav Kvamme pers. medd.). Men ikkje alle desse går heile vegen til Flatsteinsbu. Besøkstalet til Flatsteinsbu var kanskje omkring 100 personar i 2020. Vegetasjonen i og ved stien vitnar også og om eit lavt besøkstal, vegetasjon etablera seg og veks i sjølve sti-sporet.

Med eit så lavt besøkstal er det ikkje veldig stor slitasje på stien i dag. Men over tid har ferdsel av folk og beitedyr sett sine spor. I Kvamsdalen har sti-sporet fleire stadar greve seg ned i terrenget og danna ei renne som fangar vatnet. Å få vatnet tilbake på rett veg desse stadane er det viktigaste tiltaket på stien til Flatsteinsbu.

Setra, som ligg 570 moh., har altså langt fleire besøkande gjennom året. Også med tanke på dagens beitebruk er det arealet lavt nede som blir aller mest nytta. Under setra er ein del gamle muringar. Dette er trapper som er lagt på plass for å lette vegen forbi nokre bratte stadar. Enkelte trinn i desse trappene har glide ut. I tillegg til første prioritet som er å handtere vatnet bør ein restaurere desse trappene.

2 Metode

Ein sti er ein konsekvens av at det langs ei linje i terrenget har ferdast fleire folk enn vegetasjonen toler. Det oppstår slitasje, og ein må inn å gjere forsterkande tiltak for at underlaget skal tole den belastning det blir utsett for.

Ein kan hevde at restaurering ved hjelp av steintrapper kan «endre karakter» på ein sti. Dette er heilt korrekt, med feil tilnærming kan ein bringe inn framandelement som estetisk meir høyrer heime i eit by-rom. Ein «endrar karakter» dersom ein murer med rette linjer, og utan å senke trapper ned i terrenget.

Men med rett tilnærming kan ein klare å bygge på ein måte som passar inn. Vår oppfatning er at for å oppnå både eit robust og tiltalende sluttresultat er rett tilnærming alltid å etterlikne naturen sin mangel på faste former. Muring skal senkast ned i terrenget, alltid vere anonym og med variasjon i alle brukte element og verkemiddel. Veksling i type underlag er ein slik variasjon av element. Ulik bredde er eit eksempel på verkemiddel for eit naturleg inntrykk. Med muring mest mogleg nedsenka i terrenget oppnår ein også at stein-sti er skjerma for skred og utgliding, og såleis er levetida på arbeidet lenger

«Ein kan hevde at restaurering ved hjelp av steintrapper kan «endre karakter» på ein sti. Dette er heilt korrekt, med feil tilnærming kan ein bringe inn framandelement som estetisk meir høyrer heime i eit by-rom.»

2.1 Ordforklaringar

Forklaring til betydning av ord brukt for å beskrive terreng/tiltak.

Travers	Strekning der stien går horisontalt langs fjellside utan i stor grad å stige. Langs bratte ruter må ein ofte "traversere" del-strekningar for å kome seg vidare opp.
Hengside	Side av sti mot heng (fjell).
Dalside	Side av sti mot dal

2.2 Senke ytterkant/endre profil

For å få vatnet til å gå der det skal er dette det viktigaste tiltaket på stien til Flatsteinsbu. Somme stadar har det over tid danna seg små forseinkingar langs stien som «fangar» vatnet. Den fine grusen blir vaska vekk og over tid vil det ligge att grov rullestein. Dette er gjerne der stien traversera med svak stigning over lausmassar. Løysing slike stadar er å ta ned kanten som har danna seg på dalside og skape fall, slik at vatnet igjen får fri bane rett utover. Grov rullestein må fjernast. Alt etter kva lausmasse som er på staden kan ein legge på grus som toppdekke. På stien til Flatsteinsbu brukar ein av masse som er på staden.



Bilde 2: Ved all bygging av gang-sti må ein alltid legge inn godt fall utover, slik at vatn blir drenert vekk. Mot dalside kan ein ikkje ha noko kant som møter vatnet, overflate på sti «må gå i null» mot terrenget utover.

Foto: Utmarksressurs AS

2.3 Stein-sti

Steintrapper og hellelegging er svært haldbart, det held på lausmasser og hindrar erosjon. Der det er svært bratt (over 25 grader) og i våte parti er bruk av stein nødvendig. Stein til bruk ved bygging av trapper/hellelegging skal alltid vere av same bergart som er på staden. Det vil seie at stein må hentast frå staden. Eller dersom ein fraktar stein inn frå ein annan stad må ein sørge for at bergarten er av same type.

Ved legging av heller i lausmassar "trauar" ein ut og legg steinen stabilt ned i grunnen. På denne måten vert den låst sidevegs. I lengderetning leggst steinen mot kvarandre. Steinhellene er såleis skjerma for skred og utgliding alle veger. Og ikkje minst, nedsenka i grunnen er tiltaket anonymt og pent.

I denne rapporten er det fleire stadar skildra å legge inn stein-sti før og etter kryssing av små bekkar/vassig.

Restaurering av ein tursti kan kort summerast opp i tre enkle punkt:

- 1) få kontroll på vatnet
- 2) styre ferdsla til ein trase
- 3) revegetere øydelagt terreng ved stien



Foto: Utmarksressurs AS

Bilde 3: Stein-sti skal alltid vere mest mogleg nedsenka i terrenget. Då ser det naturleg ut, og ein oppnår også at stein-sti ligg skjerma for skred og utgliding.

2.4 Stikkrenner/vad

Kombinasjonen stor trafikk som skapar slitasje og vatn har saman stort potensial til å skape erosjon og øydelegging av stiar. I område med mykje vatn, om det er forårsaka av regnvatn eller smeltevatn om våren, er derfor kontroll og styring av vatn det viktigaste for bevaring av ein sti. Der det naturleg kjem vatn langsetter søkk og inn mot stien må det byggast stikkrenner/vad for å lede vatnet forbi. Ein grev ut ei renne på tvers av stien. Retning og lengd vert bestemt av terrenget og bredde på stien. Botnen av stikkrenner vert steinlagt for å halde på jord og anna lausmasse. Steinen som held kantane på plass stikk djupare enn steinen i botnen, og vert på denne måten låst. For å vere mest mogleg sjølv-reinsande må det vere godt fall på stikkrenna. Der ein finn store og flate nok heller kan desse leggest over som ei bru. Dersom ein har eit naturleg søkk i terrenget kan ein vurdere å bygge eit vad, ei steinsett senka grøft på tvers av stien.



Foto: Utmarksressurs AS

Bilde 4: Døme på ei manuelt bygd solid og sterk stikkrenne. Renna har god kapasitet og godt fall.



Foto: Utmarksressurs AS

Bilde 5: Når vatnet kjem ned fordelt over ei strekning kan ei langsgående stikkrenne vere nødvendig, før ein slepp vatnet over og vekk frå stien gjennom ei tversgåande renne.



Foto: Utmarksressurs AS

Bilde 6: Ved bygging av stikkrenner/vad legg ein gjerne inn ekstra forsterking av steinheller på sidene, for å sikre mot utvasking av grus. For å vere godt skjerma mot skred/utgliding må stein senkast ned i grunnen.

2.5 Sikring av blottlagd terreng

Der ein skapar ei skjering mot hengside må ein sikre mot erosjon. Dette kan gjerast ved å skråstille heller mot bakken mot heng-side. For eit stabilt resultat må heller stikkast djupt ned i grunnen. Torvmatter som ein skavar av må alltid skånsamt takast vare på, og leggest attende som revegetering på blottlagd terreng.



Foto: Utmarksressurs AS

Bilde 7: Døme på sikring av heng-side med skråstilte heller.

3 Skildring av tiltak

Stad:	Kvame – Flatsteinsbu, Oldedalen i Stryn kommune.
Startpunkt for synfaring:	Parkeringsplass ved Sulkja, Kvame 43 moh.
Endepunkt for synfaring:	Flatsteinsbu 1 260 moh.
Total distanse:	Om lag 4,3 km ein veg
Tal besøkande:	I 2020 mellom 30 og 60 personar
Andre merknader:	Ruta til Flatsteinsbu er ikkje vinter-rute

3.1 Generelt

Frå Oldedalsvegen (Fv724) tek ein av mot Kvame. Parkeringsplass og startpunkt ligg ved Sulkja ved Kvamsvegen. Ruta til Flatsteinsbu går opp Kvamsdalen, ein hengande sidedal til hovuddalføret Oldedalen. Hytta vart bygd av Oldedøler i 1969. Hytta er 19 m², og saman med ei sikringsbu er her plass nok til at mellom 15-18 personar kan overnatte.

Grunna over 1 200 meter bratt stigning er turen i kategorien svart (ekspert). Ruta går først bratt opp til den høgastliggande setra i dalføret, før det blir mindre bratt innover Kvamsdalen. Den siste biten opp mot Flatsteinfjellet er det litt klatring over sva, men kjetting som gelender hjelper deg trygt fram på dei brattaste stadane. Inn Kvamsdalen er det umogleg å gjere eit trygt ruteval vinterstid. I indre del av Kvamsdalen er ein i ei terreng-felle med tanke på snøskred, slik at denne turen må ein vente med til langt ut på våren.

Dalsida opp frå Oldedalen, og Kvamsdalen, er vestvend og ganske solrik med innslag av ein del varmekjære artar. Gjennom lang tid har den grøderike utmarka på Kvame vorte utnytta. I eldre tid aktiv bruk av setra gjennom sommaren. I dag ligg eit av to attverande gardsbruk med geitehold i Oldedalen like ved startpunktet, geitene er med på å halde ved like eit unikt og flott kulturlandskap. Starten av ruta har derfor eit ope landskap, noko som heile vegen gjer ei fantastisk utsikt ned mot hovuddalføret. Til å begynne med er tresjiktet dominert av gråor, med innslag av bjørk og nokre andre treslag. Når ein nærmar seg setra går det over i fjellbjørkeskog med lyngdominert feltsjikt. Det er frodig og innimellom innslag av vier og høge urter i våte parti. På 800 moh. er ein over tregrensa, og frå 1 100 moh. til endepunktet for synfaringa er landskapet dominert av nakent berg.

Hytta ligg på eit lite platå mellom Kvamsdalen og Brenndalen. 10 minutt sørover frå hytta ligg eit flott utsiktspunkt med fleire 100 meter rett ned mot Brenndalsbreen og Brenndalen. Ruta opp til Flatsteinsbu og vidare over Jostedalsbreen til Jostedalen er ein av fleire historiske ruter i område. Truleg har her vore handel og utveksling av varer mellom Oldedalen og Jostedalen via denne ruta. Kjelkevarden, 3,3 km nordaust for Flatsteinsbu, er langs ruta som går mot Sundsdalen lenger nord mot Olden. Her vart det for nokre år sia funne ein kjelke som smelta fram frå isen. Dette er med å bekreftar at slik trafikk mellom bygder fann stad. Ferdsel på breen via Flatsteinsbu i dag avgrensar seg til nokre få vår-skiturar, og nokre grupper til/frå gjennom sommarhalvåret.

3.2 Tilråding

Ein har lave besøkstal i dag, men ferdsel av beitedyr og menneske gjennom hundrevis av år har forma terrenget. Nokre stadar, særleg ovanfor setra, er stien eit nedsenka trau som vatnet renn etter. Å gjere tiltak slike stadar for å hindre graving og erosjon er det viktigaste, ved å føre vatnet tilbake der det skal gå.

Dei oppmura trappene under setra er flotte kulturminne med ei gammal historie. I tillegg til tiltak i Kvamsdalen vil vi anbefale å restaurere nokre av dei gamle oppmura trappene. Utgangspunktet for å restaurere dette flotte, gamle arbeidet må vere at ein rører berre ved dei steinane som har glide ut og ligg ustabil. Det som er intakt skal ligge slik det har gjort i mange tiår, kanskje over hundre år.

Den første staden ein foreslår tiltak er restaurering av ei gammal trapp over ei kort strekning etter om lag 400 meter. Den gamle traseen vender her mot ein travers sørover. Inkludert nokre meter før og etter er denne distansen 20 meter, og ein finn byggemateriale til dette i område.



Bilde 8:

Punkt 1 på kartet. Restaurere trapp over ein kort distanse. Til utbetring finn ein og brukar stein ein finn i område.

Foto: Utmarksressurs AS

Vidare langs traversen sørover kjem ein til Grisekleiva, der stien går over eit glatt sva med ei fastskrudd trefjøl til trinn. Her vil vi tilrå ei omlegging av traseen for å omgå sva. Midt på bilde 9 i høgre kant kan ein skimte trefjøl på sva, raud linje markera forslag til omlegging. Når det er veldig vått går mange allereie rundt og fjøl raud linje, spesielt på veg nedover. Vår anbefaling er å legge traseen gjennom ei 20 meter lang trapp over og rundt på oversida av sva. Her er godt fundament å kvile byggverk mot nede, og eit fint skar å følgje oppover for å sikre låsing sidevegs. Her er noko stein på staden, men ein må frakte inn litt for å sikre at ein har nok byggemateriale.




Foto: Utmarksressurs AS

Bilde 9: Punkt. 2, Griskeleiva 260 moh. Omlegging ved å bygge ein stein-sti langs markert linje.

Ved Høgkleiva 300 moh. (pkt. 3) vender traversen og går vidare nord-austover. Her går stien gjennom eit smalt skar i fjellet (raud linje bilde 10). Som ein kan sjå har det på eit tidspunkt vore forsøkt å legge sti på hylle over ved hjelp av kamjern som støtte for muring. Dette har rasa ned, og ei røys med stein ligg att ved inngongen til hylla.

Vår tilråding er å nytte skaret i fjellet til å få på plass ei stabil, skjerma og godt forankra trapp. Noko av behovet for byggematerialet har ein i røysa i botnen, men ein treng frakte inn litt meir stein.



Bilde 10:

Punkt 3, Høgkleiva. Ein restaurera trapp langs linje markert på bilde. Med dette får ein breiare og sikrare sti forbi det øvre og litt eksponerte partiet.

Foto: Utmarksressurs AS

40 meter forbi Høgkleiva ligg ei trapp langs foten av ein berghammar (pkt. 4). Ved foten av trappa er det bolta på plass ei trefjøl som hald for steinane som danner fundamentet i botnen. I øvre del er det bolta inn ein kjetting som eit gelender. Nokre av steinane i trappa er lause og behovet for restaurering er stort. I botnen ser ut til å ligge solide og store steinar som verkar å vere et bra fundament. Men ein treng plukke ned øvre del av trappa. Deretter blir det å bygge opp att ein god og solid konstruksjon etter same prinsipp som er nytta frå gammalt av. Dette betyr berre tørrmuring, og helst unngå bruk av kamjern til støtte.



Foto: Utmarksressurs AS

Bilde 11: Punkt 4, om lag 30 meter lengde med trapp.



Foto: Utmarksressurs AS

Bilde 12: Punkt 5, kort distanse over den lange trappa.

Over den lange trappa som krev ein del arbeid er eit lavt klyv opp (pkt. 5). Ved denne staden må ein også plukke ned øvre del før ein bygger opp att.

Neste stad som bør gjerast noko med er 150 meter nordvest for setra (pkt. 6). Stien går her oppover ein rygg parallelt med elva Sulkja. Sti-sporet er senka djupt ned gjennom lang tids bruk, og fangar vatnet. Her er ein liten bekk langs stien på dagar med mykje regn, og på våren når snøen smeltar. For å hindre erosjon er løysinga her å ta ned kanten mot dalsida på delar av strekninga slik at vatnet får gå vekk frå sti-sporet.

Område opp mot setra er ganske tørt, medan frå setra og innover Kvamsdalen er utfordringane med vatn større. All nedbør i heile nedslagsfeltet sørover mot Åbergs-nibba passera over stien. Når den vesle trafikken over tid har senka stien ned i terrenget, så ligg den i dag og fangar vatnet og resulterer i en del blauthøl i stien. Dagen synfaringa fann stad starta med opphald, men undervegs var der ein god time med kraftig nedbør. Dette resulterte i at sti-sporet raskt vart omdanna til ein liten bekk. Her og der er fri bane ut for vatnet, men nedanfor et utløp dannar stien berre etter få meter ein ny bekk. Vis dette får ligge å jobbe over tid blir det eit sjølvforsterkande fenomen. Vatnet grev sti-sporet djupare og djupare, og det får potensiale til å fange større mengder vatn og vil etter kvart følge stien lenger og lenger.



Bilde 13:

Frå punkt 21. Eit veldig godt eksempel på kva som skjer ved sterk nedbør i et stispor som er nedsenka. Den raude pila viser staden der mykje av vatnet kjem inn i stien. Berre etter om lag ein time med nedbør har det danna seg ein liten bekk som begynner å renne etter sti-sporet.

Vis dette får ligge å jobbe over tid blir det eit sjølvforsterkande fenomen. Vatnet grev sti-sporet djupare og djupare, og det får potensiale til å fange større mengder vatn og vil etter kvart følge stien lenger og lenger.

Å gjere noko med dette blir det viktigaste arbeidet langs stien til Flatsteinsbu.

Foto: Utmarksressurs AS

Frå setra og bak til siste oppstigning før Flatsteinsbu må ein gjere tiltak for å handtere vatnet til saman 20 stadar. Nokre stadar er det svært tydeleg kvar vatnet kjem ned mot stien, andre stadar sig vatn inn over en lenger distanse. Ofte kan ein løyse veldig mykje ved å bygge berre ei stikkrenne, medan andre stadar må ein ta ned kant mot dalside langs ei strekning i tillegg. I Kvamsdalen, ved Fessens, passera ein nasjonalparkrensa.



Bilde 14:

Punkt 23, øvste plassen det er behov for å gjere tiltak for å styre vatnet. På denne staden går stien parallelt med ein bekk, og delar av bekken har begynt å følge stispor. Eit enkelt tiltak her vil føre vatnet tilbake der det ein gong gjekk, og redusere erosjon langs stien.

Foto: Utmarksressurs AS

Rett før sva som er på siste stykke mot Flatsteinsfjellet går sti opp ei bratt skråning med ustabil substrat (pkt. 24). Dette er rett i nedkant av det siste bratte partiet, og det samlar seg mengder med snø i overgangen mot litt flatare terreng. Stien går ikkje gjennom noko deld i landskapet, det er såleis ikkje det mest typiske snøleie. Men ein kan sjå ut av vegetasjonen at vekstsesongen er litt kortare enn for omkringliggende områder. For å hindre meir erosjon bør det ustabile substratet forsterkast med ein stein-sti til ein møter sva lenger oppe. Rett ved ligg ei ur der ein kan hente inn byggemateriale frå, ein unngår dermed å frakte inn baggar med stein. Den totale distansen her er 25 meter.



Bilde 15: Sti over sårbar, skrinn vegetasjon opp ei bratt skråning med ustabil substrat. Sjølv om det ikkje er eit typisk snøleie viser vegetasjonen her at vekstsesongen er kort.

Siste stykke mot hytta går sti for ein stor del over nakent berg. Dette er ein type underlag som er solid, slitesterkt og ikkje i kategorien som sårbar. Det er sikra med kjetting som gelender på dei mest eksponerte stadane, og ein ser ikkje på det som nødvendig å gjere fleire tiltak på denne siste strekninga mot enden på turen.



Bilde 16: Siste etappe mot hytta går i stor grad over bratt sva.

Restaurering av stien til Flatsteinsbu vil ha mange positive verknader. Først og fremst bevaring, for erosjon forårsaka av vatn saman med ferdsel over beresvakt terreng kan medverke til stor slitasje. Ein hindrar erosjon og terrengslitasje ved å forsterke stien og styre ferdsla. Men det er også synleggjing av eit kulturminne, dei gamle oppmura trappene blir teke vare på. Ein legg dessutan til rette for det enkle friluftslivet, med ein tydeleg og god sti stimulera ein til bruk.

Tiltaket er eit berekraftig reiselivstiltak som gjer positive verknader også for anna næringsliv, lokalt og regionalt. Dersom ein ønskjer ei positiv synleggjing av område kan ein få til medieoppslag.

6 Kjelder

- <https://indrenordfjord.dnt.no/flatsteinbu/>
- <https://ut.no/hytte/1024>

7 Vedlegg

Vedlegg 1: Kart m/referansar til tekst/skjematisk framstilling



Vedlegg 2: Nærbilde, Ortofoto frå punkt 24



Vedlegg 3: Tiltak skjematisk

Skjematisk framstilling tiltak Flatsteinsbu	
Lokalitet: Flatsteinsbu	Dato: 13.08.2020
Fritekst (avgrensing av lokalitet, GPS-startpunkt, osv): Frå parkeringsplass til Flatsteinsbu	

Kart-ID	Bildenr.	Lengd/utstr. meter	Kommentar
1	5-10	20	Legge om og restaurere
2	19-20	20	Grisekleiva, restaurere
3	22-23, 65, 66,67	10	Høgkleiva, restaurere
4	24-29	30	Lengste trapp, Restaurere
5	30-31	5	Kort trapp, restaurere
6	Video 63	10	Djupt stispor under setra
7			Stikkrenne
8			Stikkrenne
9			Stikkrenne
10			Stikkrenne
11			Stikkrenne
12			Stikkrenne
13			Stikkrenne
14	58		Vatn går inn i sti og følger ned bakke, stikkrenne
15			Stikkrenne
16			Stikkrenne
17			Stikkrenne
18			Stikkrenne
19			Stikkrenne. 19, 20 og 21 vatn renn i sti over fleire ti-tals meter. 3 stikkrenner og ta ned ytterkant
20			Stikkrenne
21	54, video 55		Stikkrenne
22			Stikkrenne
23	45-47		Stikkrenne, lede vatn over i søkk
24	49, 52	25	Steinsette sti over sårbart terreng, hente stein frå staden

Utmarksressurs AS
www.utmarksressurs.no
Tlf.: 90 58 89 82
E-post: post@utmarksressurs.no